

**Hafslo Arbeidarlag**  
v/ Eirik Hoem  
Mobakken 29  
6869 Hafslo  
eirik.hoem@gmail.com

Hafslo, 15. desember 2020

Luster kommune  
6866 Gaupne

## **Områdereguleringsplan for Hafslo sentrum**

### **Merknader til planprogrammet og innspel til planarbeidet**

Me viser til at planprogrammet for områdereguleringa av Hafslo sentrum er lagt ut til offentleg ettersyn.

#### **1 Innleiing**

##### **1.1 Styrke Hafslo som tettstad gjennom aktive tiltak i sentrum**

Grunnleggande meiner me det er stort behov for at tettstadprofilen blir styrka på Hafslo.

Hafslo som tettstad må styrkast gjennom aktive tiltak i sentrum. Det må leggast til rette for auka busetnad i og nær sentrum. Det vil på sikt gje større grunnlag for handel og tenesteyting på staden, noko som er viktig i eit større perspektiv. Hafslo kan vere avgjerande for eit aukande folketal i Luster kommune.

Spesielt viktig er det å legge til rette for bustadar for alle aldersgrupper i sentrum. Og særleg gjeld det den stadig voksande eldre befolkninga. Mange vil ha bustadar med alle rom på eitt plan og plassering nær sentrum. Det gir lett tilgang til kollektivtransport, daglegvare, bank og serviceytande tenester som frisør og fysioterapeut. Dette gjeld nok mange aldersgrupper.

Det må leggast til rette for meir næringslokale i sentrum. Kommunen eig fleire område i sentrum som bør utnyttast snarleg. Bygg som kombinerer næring og bustad vil vere bra for Hafslo og sentrum.

Hafslo er i stor vekst. Det er ikkje usannsynleg at det bur over 2000 innbyggjarar på Hafslo i løpet av den neste generasjonen. Områdeplanen bør ta høgde for eit slikt scenario. Kommunen må lage ein reguleringsplan som står seg i lang tid, og som tek høgde for stor vekst. Når det no blir laga ny reguleringsplan, må han stå seg godt fram i tid. Samstundes som at han gir moglegheiter og resultat på kort sikt. Lokale næringsdrivande bør utfordrast særskilt om korleis dei kan bidra til å løfte Hafslo-samfunnet.

Korleis kan ein styrke innslaget av urbane kvalitetar på Hafslo? Det meiner me er eit grunnleggjande spørsmål ein må stille seg. Det vil bli svært viktig å ha svaret og løysinga på dette spørsmål dei neste åra. Kva skal til for å skape det gode liv i tettstaden Hafslo? Noko av svaret er mellom anna gode sosiale arenaer. Kafé, idrettsanlegg og gode sosiale møtestadar er noko av svaret, meiner me.

**Nye sosiale møtestadar. Kombinert bygg med næring og bustad på billagstomta, avsett plass til framtidig fleirbrukshall, ein ny torgplass, god bruk av dei kommunale tomtene i sentrum, og betre tilkomst mot vatnet er spesielt viktig på kort sikt.**

I framtida er det grunn til å tru at ein må gjere seg attraktiv for innflyttarar med urban bakgrunn for å få auka tilflytting og busetnad. Det er tvilsamt at Hafslo har nok av slikt tilbod i dag. Derfor er områdeplanen for Hafslo grunnleggande viktig for å løyse denne problemstillinga.

**Me vil understreke betydninga av god tettstadutvikling generelt på Hafslo som ein grunnleggande føresetnad for vekst.**

Framtidig positiv utvikling i busetnad på Hafslo vil vere endå tettare knytt til at ein lykkast på dette feltet. Gjennom å skape gode møteplassar og grunnlag for næringsutvikling skapar ein fellesskap og eit godt framtidig samfunn på Hafslo.

## 1.2 Kva retning skal sentrum utvide seg?

God arealutnytting innan for dagens areal er viktig. Meir bygging i høgda og fortetting må ein kunne forvente. Men i kva retning skal sentrum på Hafslo utvide seg? Kor skal ein arealkrevjande fleirbrukshall ligge? Denne hallen kan bli ein viktig del av Hafslo sentrum, spesielt dersom den blir bygd i kombinasjon med andre funksjonar. Billagstomta vil vere «porten» til Hafslo sentrum også i framtida. Kan eventuelt ein hall ligge i dette området?

Skal ein gå mot aust, vest eller nord, eller ein kombinasjon? Dette meiner me er eit viktig spørsmål å stille seg og finne ei løysing på. Billagstomta er svært viktig då sentrum startar her. Vidare peiker me mellom anna i retninga mot Kalhagen og kva moglegheiter ein kan ha der. Det kan også vere positivt for skulen.

## 1.3 Merksemd på Hafslo og tettstadutvikling generelt i neste rullering av samfunnsplanen

Det kan vere eit scenario at Hafslo som «forstad» til Sogndal har potensial til å få mykje av veksten i Luster i framtida. Framskrivningar frå SSB og Telemarksforsking kan tolkast i den retninga. Ulike faktorar kan tyde på at Solvorn, Indre Hafslo og Gaupne vert noko uendra, og at resten av bygdene går ned i folketal på sikt.

Derfor bør satsinga på Hafslo i neste samfunnsplanperiode styrkast for å sikre stabilt folketal i kommunen. Noko som kjem heile kommunen til gode. Kommunen må starte ei planmessig satsing på Hafslo som tettstad.

#### 1.4 Definere grensene

Kommunen bør lage ein klar definisjon av kva område som skal definerast som Hafslo sentrum. Det er behov for klare retningslinjer på kva av funksjonar som skal ligge til sentrum og ikkje til andre stadar på Hafslo.

#### 1.5 Hafslo sentrum har potensial på auka investeringar og aktivitet

Me tør hevde at sentrum (Buene) har stort potensial på auka investeringar og aktivitet frå private og det offentlege. Generelt er det mangel på gode møteplassar. Hafslo sentrum er etter vårt syn i ein sårbar situasjon. Grunnleggande bør sentrum prioriterast for lokalisering av innbyggjarretta tenesteytande næringer. Det bør gjerast føringar som gjer at daglegvare-/detaljhandel på Hafslo skal ligge i Hafslo sentrum. Ein tydeleg sentrumsdefinisjon i området Buene er derfor svært viktig. Me meiner at manglande heilskapleg utvikling av Hafslo sentrum har svekka utviklinga av Hafslo. Framtidas innbyggjarar på Hafslo vil ønskje seg eit tydelegare sentrum med fleire funksjonar og fleire møtestadar. Kvifor manglar ein tettstad på 1500 menneske ein kafé i sentrum? Det er eitt av mange teikn på at staden har mykje å gå på som møtestad og sentrum manglar gode sosiale arenaer.

#### 1.6 Prosess og medverknad

Me meiner generelt at kommunen må leggje godt til rette for innbyggjarmedverknad. Ein kan etablere for eksempel ei Facebook-side for prosjektet, gjennomføre digitale møte og møte med mindre grupper. Det bør vere folkemøte når det er eigna for det. Drop in-kontordagar for innbyggjarar kan også vere til nytte. Noko som allereie er gjort med stort hell. Næringsverksemdene må også utfordrast. Det blir ikkje utvikling utan at dei satsar og utnyttar moglegheitene som blir skapt. Sjå punkt 1.7

Lag og organisasjonar, næringsverksemdar og barn og unge bør blir særleg involverte. Me håpar at barn og unges representant i plansaker involverer seg i saka.

#### 1.7 Dialog med næringsverksemdene

##### 1.7.1 Dialog med næringsdrivande i sentrum

Me meiner kommunen bør utfordre dei næringsdrivande i sentrum i ei eiga samling og i eigne møte. Kva tankar og planar har dei? Korleis kan dei sjølve bidra til eit meir aktivt og levande Hafslo sentrum? Korleis kan kommunen leggje til rette for dette? Og kva tenkjer dagens aktør innan daglegvarehandel i sentrum om framtida?

## 1.7.2 Dialogen med byggenæringa og eigedomsutviklarar

Hafslo har ei aktiv byggenæring, og me kjenner til at ein næringsverksemd i lengre tid har ønska å utvikle billagstomta. Kommunen bør vere ein god tilretteleggjar byggenæringa. Me foreslår at kommunen legg til rette for dialog med desse og få deira tankar om korleis byggenæringa og eigedomsutviklarar i regionen ser på Hafslo og potensialet?

## 2 Innspel og merknadar innan ulike område og tema

### 2.1 Skule og barnehage – offentlege/kommunale bygg

#### 2.1.1 Barnehage og skule

Det er viktig å planlegge for framtida med tanke på barnehage og skule. Kva seier prognosane om folketalsauken på Hafslo? Dersom ein tenkjer på alle nybygg som kjem, så vil det generere barnefamiliar. Også mindre einingar vil truleg gje auke i tal barnefamiliar, då folk i einebustad som sel desse og flyttar til mindre einingar. Det frigjer einebustader til barnefamiliar. Me ser dette skjer på Galden, Beheim og no også på Hestnes, med nyetablering og intern flytting.

#### 2.1.2 Ungdomsbase

I barnehage-/skulebygget må det vere teikna inn ein eller anna form for samlingsplass for ungdom. Sitteplassar, eit rom for bordtennis og liknande, ein liten verkstad for dei med moped, musikkrom. Ungdomsklubb/ungdomsbase?

#### 2.1.3 Ny barnehage – husmorskulebygget/gamle Luster vidaregåande skule

Me meiner det er svært positivt at Gamlestova barnehage blir flytta til sentrum og husmorskulebygget. Det kan vere med på å gjere overgangen mellom barnehage og skule lettare for borna. Det aukar aktiviteten i sentrum. På same måte kan borna på staden lettare bli kjent med kvarandre før skulestart når barnehage og skuleområdet blir samla. Det vil kunne gje moglegheiter for at skulen og barnehagen deler på fellesareal, noko som kan gje billigare drift av eigedomane.

Det er pr i dag fleire lag og organisasjonar som nyttar bygget til kontor, møterom, oppbevaringsrom, og ikkje minst nyttig arkiv for Hafslo sogelag. Kanskje kan delar av bygget nyttast som «lagshus» for lag og foreiningar på Hafslo? Og kva med ungdomsbase/ungdomsklubb i bygget?

## 2.2 Bustadar og næringsbygg

### 2.2.1 Næring og tenesteytande næringar

Det må på generell basis leggjast til rette for at næringar som frisør, post, daglegvarehandel, bank, fotpleiar, fysioterapi, kafé etc. er lokaliserte i sentrum både no og i framtida. Det er lite eller få næringslokale, for eksempel kontorfellesskap, enkelmannsføretak og mindre bedrifter. Det bør det leggjast til rette for at slike næringar kan etablere seg i sentrum.

### 2.2.2 Billagstomta - leilegheiter og næringslokale

Dette er eit område det er på høg tid å ta tak i. Slik det står i dag er det direkte skjemmaende som inngangsporten til Hafslo sentrum. Her må ein få utvikling med leilegheitsbygg, med rom for næringstiltak på bakkenivå (fotpleiar, frisør, privat fysioterapeut f.eks.).

Luster kommune har i planane sine lagt vekt på kor viktig det er å leggja forholda til rette for at eldre får bu lengst mogeleg heime. Dei skal kunne og vera mest mogeleg sjølvhjelpne, ev. hjelpe kvarandre i eit bufellesskap. Skal dette kunne verte ein realitet, meir enn berre fine ord i ein plan, må kommunen vere ein meir aktiv pådrivar og tilretteleggjar.

Det er avgjerande at ein får tilrettelagd sentrumsnære husvære. Med det meiner me husvære der eldre og andre kan kome til butikk, post, bank, arrangement ved skulen/samfunnshus etc. med bruk av eigne, enkle hjelpemiddel, sommar som vinter. Eldre som treng rullator etc. må kunne ha sin daglege tur. Då er husvære i Beheimsfeltet, Botn, jamvel i Sandalen for langt unna for mange som treng ein rullator for å ta seg fram, spesielt vinterstid.

Då er leilegheiter ved billagstomta og langs kommunevegen mot Hafslovegen 148, eit naturleg område som bør nyttast. Om ein held seg i skråninga mot kommunevegen, vil det gå med minimalt med produktiv jord. Dette vil verte attraktive husvære, og kommunen vil leve opp til sine planar om tilrettelegging for at eldre skal kunne bu lengre heime. Få òg til eit sosialt samlingsrom her, der ein på dugnad kan drifte enkel servering, gjerne av pensjonistar.

Me kjenner til at Hans Nes Bygg AS har sendt konkrete og detaljerte planar for etablering av leilegheiter i dette området. Kommunen bør vera ein aktiv aktør med å få hand om nødvendig areal.

Me har òg registrert at det er stor interesse for dette prosjektet blant folk på Hafslo.

### 2.3.4 Dei kommunale tomtene 149/94 og 147/87

Dei kommunale tomtene 149/94 og 147/87 ligg svært sentralt i sentrum. Kan dei nyttast til noko? Mange peiker på billagstomta og behov for utvikling. Me meiner at dette arealet er like viktig som billagstomta i framtida. Kommunen eig desse eigendommene og det dermed vere lettare å realisere tiltak her. Dette er svært sentrale tomter som må utnyttast på ein

framtidretta måte. F.eks. med kombinert næringslokale og bustad. Kva med kafé? Eller som parkanlegg, sjå punkt 2.6.6.

### 2.2.3 Fortetting

Fortetting og bygging i høgda kan vere eit tiltak for å utnytte arealet i sentrum. Men det må gjerast på ein skånsam måte for etablert busetnad.

### 2.2.4 Heradshuset

Me meiner det var uheldig at Luster kommune ikkje jobba meir med utvikling av tomta der Heradshuset ligg og sjølv bygget - som eit alternativ til at det blei selt ut av kommunen. Ein burde i det minste ha sett av meir av plenen til Heradshuset til allmenne formål/torg. Bygget og tomta kunne ha blitt haldt i kommunal eige og blitt gjort om til å vere meir enn bustad. Eigendommen og bygget kunne i dag ha vore ein fantastisk grøntområde og møtestad for lokalbefolkninga med si sentrale plassering på Hafslo.

Men det er samstundes svært bra at det historiske bygget har vore haldt i stand og har gitt mange sentrumsnære bustadar.

## 2.3 Handel og næringsliv

### 2.3.1 Daglegvare-/detaljhandel

Det må settast av plass til framtidig plasskrevjande daglegvarehandel. Det er stor handelslekkasje innan daglegvarehandelen på Hafslo.

### 2.3.2 Kontorfellesskap

Det bør leggast til rette areal/bygg for kontorfellesskap for småbedrifter. Små kontorfellesskap tilsvarande det ein ser i Sogndal sentrum bør det vere potensial for. Det vil også kunne bidra til meir folkeliv i sentrum. Og auka næringsaktivitet i seg sjølv bør vere eit mål.

### 2.3.3 Eikum hotell

Eikum hotell er ein sentral del av sentrum. Hotellet er viktig for tilreisande, privatpersonar og organisasjonar. Tiltak i sentrum må vere av eit slik art at dei styrkar hotellet på kort og lengre sikt. Kan Eikum hotell gjennom tilrettelegging og tiltak i sentrum bli endå meir tilgjengeleg for lokalbefolkninga?

#### 2.3.4 Bestebakken

Bestebakken er i på same måte som Eikum hotell ein viktig del av reiselivsnæringa på Hafslo. Tiltak som støttar opp om denne verksemda bør også vere av ein slik art at det styrkar verksemda på kort og lengre sikt.

#### 2.3.5 Næringslokale generelt

Tilgang på næringslokale og auka næringsaktivitet i sentrum er svært viktig for Hafslo i framtida . Det må vera mogleg for bedrifter å kunne etablere seg i sentrum av Hafslo, både små føretak og bedrifter med fleire tilsette. Me meiner Hafslo med nærleiken til Sogndal har eit unyttet potensial som stad å ikkje berre bu på, men også jobbe frå.

### 2.4 Trafikkavvikling, gangvegar og parkering

#### 2.4.1 Vegar generelt

Generelt meiner me det er viktig å planlegge godt, få ei god heilskapleg trafikk-løysing for alle som skal nytte sentrum. Veg- og gatesystemet i Hafslo sentrum har ein del gamle strukturar. Det følgjer i stor grad teigane/linjene opp frå vatnet. Veg- og gatesystemet bør sjåast på med nye auge. Tilkomst for nokre delar av sentrum bør i større grad kopleast mot nyare veganlegg.

#### 2.4.2 Tangvegen

Ein bør ha i tankane trafikktryggleik frå bussparkeringa og til skulen/barnehagen. Tangvegen er pr i dag mykje nytta, spesielt ved skulestart/skuleslutt. Her bør eventuelt tenkjast alternativ tilkomst til skule/barnehage.

Å blande fotgjengarar, hovudsakleg born og større biltrafikk ved henting og levering til den nye barnehagen er svært uheldig der trafikkfarlege situasjonar lett kan oppstå. Eit alternativ kan vere einvegskøyning i Tangvegen forbi Eikum hotell til den nye barnehagen med retur i området forbi billagstomta og Eikum hotell. Det kan vere ein idé å lage ein veg mellom bedehuset og husmorskulen mellom Mo og Eikum i retning husmorskulebygget. Det kan gjere trafikksituasjonen betre inn mot skuleområdet.

Ein bør ha i tankane trafikktryggleik frå bussparkeringa og til skulen/barnehagen. Tangvegen er pr i dag mykje nytta , spesielt ved skulestart/skuleslutt. Her bør eventuelt tenkjast alternativ tilkomst til skule/barnehage.

### 2.4.3 Parkering i sentrum

Parkeringa ved Spar har liten kapasitet. Kan ein nytte plassen bak Spar og framfor gamle Heradshuset til parkering, og slik frigjere plassen på framsida? Kan det vere ein torgplass samtidig? Kanskje kan ein få til ein slags einvegskøyring, der ein må inn på baksida og ut på framsida. Då vil ein unngå mykje trafikk gjennom sentrum, og gje eit tryggare sentrum på alle måtar. Det er ofte for få parkeringsplassar ved Spar, då mange ikkje nyttar parkeringa på andre sida av bygget. Me peiker også på at dette området vil ha stor verdi som torg. Sjå punkt 2.6.7

Det bør leggest til rette for bussparkering for overnattingsverksemdene i sentrum.

### 2.4.4 Parkering ved kyrkja

Parkeringsområdet ved kyrkja er for lite, spesielt er parkering ei utfordring ved gravferder, konfirmasjonar, arrangement i kyrkja og festdagar/kveldar. Det er heilt vanleg med parkering langs vegen frå kyrkja og til Kalhagen, vidare frå kyrkja til Smeagarden. Vinterstid er dette særleg problematisk, då vegbana vert smalare grunna snø og brøytekantar. Det kan då vere vanskeleg for utrykkingskøyretøy å ta seg fram og problematisk for gåande og møtande trafikk. I dag ligg det vel til rette for ei utviding til nytt parkeringsområde på nordsida av kommunevegen, langs kommunevegen, med skråparkering frå vestleg grense til oppkøyringa til prestebustaden. Det kan vera ei god, framtidsretta og lite kostnadskrevjande løysing.

### 2.4.5 Tur-/sykkelsti langs vatnet, Botn – Hafslo barne- og ungdomsskule

Ein tur- og sykkelsti som går frå Kongevegen/gangvegen i Botn, til Hafslo barne- og ungdomsskule frå Botn mot sentrum vil kunne kople bustadfeltet i Botn og Galden ytterlegare til sentrum. Ein slik sti vil vere positivt i folkehelse- og bulystperspektiv. Me meiner at dette er eit særst viktig tiltak å realisere.

Dette vil bli ein attraktiv turveg og sykkelveg for bustadfelta på Galden, Hestnes og Botn, men óg for bygdefolk, åtskilt frå all biltrafikk, og med fine naturopplevingar langs vatnet.

Ein bør skåne strandlinja ved eit slikt tiltak. På sikt bør ein legge til rette for ein tur- og sykkelsti lange heile Hafslovatnet. Det vil bli ein stor attraksjon, også utanfor bygda.

### 2.4.6 Sykkelstiar

Sykling har aukande interesse. Kva med å legge til rette for sykkelstiar som bind Heggmyrane og Hafslo (sentrum) saman? Kva med tilrettelegging for «pumptrack»?

### 2.4.7 Sykkelveg Sogndal–Gaupne

Det bør jobbast med å realisere sykkelveg frå Sogndal til Hafslo (og Gaupne).



#### 2.4.8 Gangveg Hafslo kyrkje – Hafslo sentrum

Ved kyrkjelege arrangement, er det mange som går til kyrkje frå Hafslo sentrum. Kanskje kunne det vorte endå fleire som hadde gått til kyrkje, om det var ein tryggare/meir trafikksikker veg.

#### 2.4.9 Gangveg Moane

Det bør leggest til rette for gang- og sykkelveg frå sentrum til Moane.

#### 2.4.10 Sandgota

Sandgota bindar øvre del bustadfeltet på Beim med øvre del av staden. (Lomheim–Klokkesteinvegen og Nondal). Denne gamle ferdselsvegen er også eit kulturminne. Gangvegen sin funksjon bør sikrast slik at eventuelle utbyggingar ikkje stenger ferdselsvegen.

#### 2.4.11 Øygardsbakkane

Det er ein gamal ferdselsveg frå Øygardsbakkane mot sentrum. Det kan vere framtidsretta å få denne ferdselsvegen inn i områdeplanen.

#### 2.4.10 Gang og sykkelveg – Sentrum – Bakkingavegen

Her bør det snarast lagast betre forhold for mjuke trafikantar.

### 2.6 Aktivitet, fritidsområde og møtestadar

#### 2.6.1 Badestrand og heilskapleg plan på strandlinja frå skuleområdet mot Kalhagen

Det bør regulerast inn ei badestrand i sentrumsområdet med tilkomst tett på sentrum. Med opparbeid grøntområde tett opptil. Det er forsøkt etablert ei badestrand tidlegare. Og skulen ønskjer reetablering av båthus/naust med bryggje og grillhytte. Eit velfungerande nærmiljøanlegg ved skulen, for kortreiste aktivitetar ved og på vatnet for skule, barnehage, lag, organisasjonar og innbyggjarar i alle aldrar er viktig.

#### 2.6.2 Kople Sogn skisenter meir til sentrum

Det bør sjåast på tiltak for å knytte skisenteret tettare mot Hafslo sentrum. Hafslo og skisenteret kan ha gjensidig nytte av å vekse tettare på kvarandre. Kan ein for eksempel lage «transportløyper» som gjer at ein kan avslutte skidagen i sentrum? Tvangen, Modvo og over Hauge kan vere aktuelle område. Kva med ei opparbeid skiløype ned Tvangen? Kva tankar har Sogn skisenter sjølv om å bli kopla tettare på sentrum? Ein ser allereie no at nye hyttefelt

i nærleiken av skisenteret blir eit slags bindeledd mellom skisenteret og busetnaden elles på Hafslo.

### 2.6.3 Fleirbrukshall

Hafslo idrettslag har spelt inn fleirbrukshall til planprogrammet. Me meiner derfor det bør leggst til rette for ein framtidig fleirbrukshall i den nye reguleringsplanen. Eit anlegg for idrettsaktivitet som gir sosiale møtepunkt er svært viktig. Gymsalen har ikkje tilstrekkeleg kapasitet for framtida. Hallen bør oppførast i skule- og barnehageområdet. Ein fleirbrukshall kan også vere aktuell i kombinasjon med andre tenesteytande næringar. Me peikar på at Kalhagen kan vere eit aktuelt område i sentrum. Det vil også vere en fordel for skulen. Kva med kombinert næringsbygg og fleirbrukshall?

### 2.6.4 Opne opp mot vatnet

Området nede ved vatnet bør opnast opp for meir allmenn bruk. Hafslovatnet er ein av dei store kvalitetane på Hafslo. Det bør etablerast ei «gjeste»-brygge i sentrum for småbåtar.

### 2.6.5 Skulebygga lagar ein «mur» mot vatnet

Den kommunale bygningsmassen (skuleområdet) lagar nærast ein mur mot vatnet, og skjermar utsikta og tilgangen til ein av dei store kvalitetaten på Hafslo, Hafslovatnet. Kan ein opne opp siktlinjene mot vatnet frå sentrum? Det er også vanskeleg for utanforståande å skjønne korleis ein kan nærme seg vatnet frå sentrum. Og frå kva retning skal ein nærme seg skulebygget? Frå Kalhagen eller frå Tangvegen? Det er ikkje enkelt å skjønne heller for utanforståande.

### 2.6.6 Parkanlegg og friområde

Dei kommunale tomtene 149/94 og 147/87 ligg svært sentralt i sentrum. Kva med eit parkanlegg med sentrumsnær leikeplass? Det manglar grøntområde i sentrum og offentleg leikeplass. Alternativt kombinert næringslokale og bustad. Kafé eller annan møtestad?

### 2.6.7 Torgplass

Me meiner Hafslo sentrum treng ein torgplass. Dette vil gje staden ein ny karakter og gje ein ny møteplass for innbyggjarane. Ein bør tenkje urbant. Målet må vere at torget skal vere ein møteplass, og ein trygg stad å opphalde seg. Generelt hadde ein trygg plass for mjuke trafikantar i sentrum vore bra. Sentrumsparken i Sogndal løfta Sogndal mange hakk då han kom. Og kanskje kan Eikum hotell på eit vis koplast på torgplassen?

Området mellom Heradshuset, Spar og Gamle Sterrisbui er tilnærma eit torg i dag. Det vil vere naturleg å opne opp slik at ein blir eit torg her. Betongkonstruksjonen/rundkøyringa i

midten meiner me har låg verdi og må fjernast. For å utvide torget på Hafslo, bør ein sjå på om ein kan bruke noko av plenen tilhøyrande Heradshuset. Me trur dette er eit svært viktig tiltak for Hafslo sentrum.

## 2.7 Diverse

### 2.7.1 Bekkar og overflatevatn

Hafslo sentrum har bekkefar som ikkje er sikra. For eksempel gjeld dette bekkefarete i Mobakken og Mogrovi. Med stadig meir tett og urbanisert busetnad er også overflatevatn eit område som ein må sikre at ikkje blir eit problem i framtida med stadig meir nedbør.

### 2.7.2 Smarte samfunn

Me meiner ein må sjå på smartsamfunn-prinsippa når ein no legg til rette for eit Hafslo for framtida. Smarte samfunn er et omgrep som forklarar korleis samfunn kan bli berekraftige og moderne. Det referer til fleire sektorar innan teknologi og næringsliv. f.eks. områda transport, vann- avløp og avfall, energi, velferdstenester og bygningar. Desse områda har felles er at dei er viktige brikker i eit fungerande lokalsamfunn. Felles er også at digital teknologi blir nytta som verkemiddel.

### 2.7.3 Miljøperspektivet

Miljøperspektivet bør ligge i botn for alle vurderingar.

## 3 Stadanalysen

Me håpar stadanalysen gir eit godt grunnlag for å forstå føresetnader og moglegheiter på staden. Og bør vere eit godt grunnlag for å diskutere tiltak og framtida. Sidan den vil vere skriven av utanforståande er det svært viktig at den blir utarbeid i dialog med innbyggjarar og næringslivet.

Med helsing  
**Hafslo Arbeidarlag**